



Georg Toppe Thunold  
Husebøvegen 108  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1111 - 19/16697

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
05.08.2019

## GODKJENNING AV FRITAK FOR GJØDSELPLAN PÅ GBNR 54/4 PÅ HUSEBØ

**Administrativt vedtak. Saknr: 172/2019**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad om fritak for gjødselplan motteke 09.05.2019 grunngjeve med ekstensiv drift. Produksjonen er grasproduksjon med varig eng og beite. Bruket har 8 vinterfora sauer av rasen villsau pluss lam og påsett. Det vert ikkje gjødsla med kunstgjødsl. Innmarksarealet på bruket er på 11,4 daa fulldyrka, 3,8 daa overflatedyrka og 13,3 daa innmarksbeite. I tillegg er det beiteressursar i utmarka. Dyra går ute heile året, men kan gå inn i driftsbygningen for tilleggsforing om vinteren.

Søkjær har hatt fritak for gjødselplan frå 2014-2019, og det er tale om fornying av dette løyvet.

### Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan, etter søknad frå føretaket, dispensera for kravet om gjødselplan dersom drifta er svært ekstensiv. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket vert drive ekstensivt, har få gjødseldyreningar og stort nok areal i høve til dyretal. Dette talar for å gje fritak frå krav om gjødselplan.

### Konklusjon

Kommunen vil gje dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Vedtak

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 1.09.2024 for gnr.54, bnr. 4, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Georg Toppe Thunold

Kelly-Ann Thunold

Husebøvegen 108 5917

Husebøvegen 108 5917

ROSSLAND

ROSSLAND